

Framlegg til løysing på omsetting 3

Det kan godt finnast fleire akseptable alternativ. Spør gjerne lærarane om det er noko du lurar på!

Kyrkjelege institusjonar eigde (åtte) fleire av dei norske havskipa i den seinare delen av høgmellomalderen. Krona hadde enkelte (nokre, somme), og verdslege stormenn rådde over nokre (enkelte, somme). Eigarane av dei aller fleste norske skipa som segla (seglda, sigla, siglde) på Aust-England først (fyrst) på 1300-talet, er likevel ukjente (ukjente). Men enkelte (nokre, somme) tilhørde tydelegvis dei norske kjøpmennene som førte varer på dei, og dette var truleg tilfellet med fleire. Landslova (Landsloven) føreset at skip kunne vere (vera) i sameige, og slikt partsreiarlag førekom truleg i ei (ein) viss utstrekning. Dette gjorde det mogleg (mogeleg) for både bymenn og bønder i kystområda å skaffe (skaffa) seg frakteskip. Dei minste lastefartøya var dei såkalla (sokalla) «byrdingane» i kystfart; dei hadde truleg mykje felles (til felles) med råsegjeltene frå nyare tid.

Krona, kyrkjelege institusjonar og stormenn dreiv ikkje berre aktiv handel på egne skip. Dei kunne òg (også, ogso) leige (leiga) sine havgåande skip ut til profesjonelle skipperar og kjøpmenn. Kjøpmenn som ikkje sjølv (sjølve) eigde (åtte) i skip, kunne leige (leiga) skipsrom til varene sine og følgje (følge, fylgje) med som mannskap. Folk kunne slå seg saman i «felag» og på den måten dekkje (dekkja, dekke, dekkja) utgiftene til både varer og skipsleige. Handelsfellane kunne alle følgje (følge, fylgje) med på ferda; i andre tilfelle sat nokre (nokon, somme) heime og overlét arbeidet til andre. Fortenesta blei (vart) delt i forhold (høve) til innsatsen av kapital og arbeid.

Det skin likevel gjennom (igjennom) i forteljingane om bergenshandelen på slutten av 1100-talet at det allereie (alt) då (da) var utanlandske skip og kjøpmenn som frakta det meste av varene over havet til og frå stapelbyen ved Vågen. Blant (Mellom) dei gjorde engelskmenn og tyskarar mest av seg. Om (Dersom, Viss) vi (me) skal dømme (dømme) etter kong Sverres handelspolitiske tale i Bergen i 1186, var engelskmennene særleg vel innarbeidde (innarbeidd, innarbeidt) i bergensfarten, og dei fortsette òg (også, ogso) seinare (med) å segle (segla, sigle, sigla) på byen.

Commented [TK1]: Åtte er den tradisjonelle preteritumsforma av *eige*, men no er nok *eigde* vanlegare.

Commented [TK2]: Eller *hørde ... til*.

Commented [TK3]: Ein kan bruke *fanst* av *finnast*. Verbet *førekomme* står ikkje i *Nynorskordboka*, men det gjer substantivet *førekomst*.

Commented [TK4]: *Utslekning* er valfritt hokjønn eller hankjønn.

Commented [TK5]: Truleg betre: *dei havgåande skipa sine*.

Commented [TK6]: Det er valfritt om ein vil samsvarsbøye *sjølv*. Her kan det stå i fleirtal *sjølve* i samsvar med *kjøpmenn*.

Commented [TK7]: *Beretning* brukar ein helst ikkje.

Commented [TK8]: Truleg betre: *den handelspolitiske talen (tala) til (åt) kong Sverre*. Òg mogleg: *kong Sverre sin (si) handelspolitiske tale*. *Tale* er valfritt hankjønn eller hokjønn.

Commented [TK9]: Mange vil nok heller skrive *heldt fram*, preteritum av *halde fram*.